

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 02/17

Møte 15.03.2018

Tilstades: X

Medlemmer:

X Ingrid Løset, leiar
X Ann Helene Skare, nestleiar
X Atle Tangen
X Hilde Marie Kleiven
X Anne Grete Mogstad
X Asbjørn Ringdal Gausdal
Torill Bøe
X Inger Nossen Sandvik
Jakob Strand

Varamedlemmer:

X Daniel Ask
Ann Elida Solheim
X Anton Iversen

Administrasjonen/Stab: Ass. direktør Helge Ristesund
Randi Spjelkavik Ramnefjell, sekretær

Andre: Kreftavdelinga v/avdelingssjef Jorunn Bøyum og hotellsjef Ida Barstad
v/sjukehushotellet
Klinikk for psykisk helse og rus v/avdelingssjef Ole Lorvik

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus – Styrerrommet kl. 10:00.

Leiar Ingrid Løset starta med å ønske alle velkomen.

Følgjande saker vart behandla:

BU 12/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste samt underskrift av protokoll nr. 01/18 frå møte 19.02.18.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 15.03.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og saksliste til møtet 15.03.2018.

Protokoll nr. 01/18 som vart godkjent i møte 19.02.18, vart underskriven av brukarrepresentantane.

BU 13/2018 Orientering frå Ass. direktørInnstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek informasjonen til vitande.

Protokoll:

Ass. direktør orienterte om:

- Statusrapport pr februar 2018 – Kvalitet - Økonomi og aktivitet
- Informasjon om nytt styre og styreleiar i HMR
- Utviklingsplan
- SNR

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande. Brukarutvalet er uroa over høgt sjukefråvær i helseføretaket.

BU 14/2018 OrienteringssakerInnstilling:

1. Orientering av egenbetaling ved sjukehuset v/avdelingssjef Jorunn Bøyum, Kreftavdelinga og hotellsjef Ida Barstad
2. Orientering vedrørende bruk av tvang i psykisk helsevern v/avdelingssjef Ole Lorvik, klinikk for psykisk helse og rus.
3. Val av representant til planleggingsgruppe – overtakelse av bygget som har tilhørt Hjelpemiddelsentralen/NAV (*vedlegg 01*)
4. Brukarrepresentasjon i formelle råd og utval i klinikkar (*vedlegg 02*)
5. Innføring av egenandel for ungdom med psykiske lidelser.
6. Val av brukarrepresentant til planlegging av revisjon for pasientforløp i «Barseltida i HMR»
7. Årsmelding 2017 – Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal
8. Fellesmøte for Brukarutvala i HMN 12.04.18.
9. Invitasjon til styresamling i Helse Midt-Norge 26. og 27. april 2018
10. Henvendelse frå kreftavdelinga vedrørende telefondisk ekspedisjon
11. Invitasjon til dei overordna samhandlingsutvala i regionen til ei samling 10.04.18
12. Deltaking ilag med leiar i styremøte:
13. Henvendelse frå Steinar Waksvik, vedrørende «Folkeskikk» prosjektet.

Protokoll:

1. Orientering av egenbetaling ved sjukehuset v/avdelingssjef Jorunn Bøyum, Kreftavdelinga og hotellsjef Ida Barstad
 - Brukarutvalet tek saka til vitande og takkar for orienteringa. Brukarutvalet ber om å bli orientert før slike endringar blir gjort.
2. Orientering vedrørende bruk av tvang i psykisk helsevern v/avdelingssjef Ole Lørvik, klinikk for psykisk helse og rus.
 - Brukarutvalet takkar for orientering og vil be om ei ny orientering frå klinikken rundt årsskiftet 2018/2019.
3. Val av representant til planleggingsgruppe – overtakelse av bygget som har tilhørt Hjelpemiddelsentralen/NAV (*vedlegg 01*)
 - Janne Remøy Endresen valt som representant og Inger Nossen Sandvik som vararepresentant.
4. Brukarrepresentasjon i formelle råd og utval i klinikkar (*vedlegg 02*)
 - Brukarutvalet tek informasjonen til etterretning og forutsetter at dette vert formalisert første halvår 2018. Arbeidsutvalet for brukarutvalet arbeider vidare med saka.
5. Innføring av egenandel for ungdom med psykiske lidelser.
 - Brukarutvalet tek saka til vitande og vil følgje denne saka framover.
6. Val av brukerrepresentant til planlegging av revisjon for pasientforløp i «Barseltida i HMR»
 - Hilde Marie Kleiven og Ingrid Løset vil arbeide med å finne ein representant med vararepresentant inn i gruppa.
7. Årsmelding 2017 – Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal
 - Brukarutvalet tek saka til vitande. Brukarutvalet ønskjer å invitere Pasient- og brukarombod Runar Finvåg til neste møte i Brukarutvalet.
8. Fellesmøte for Brukarutvala i HMN 12.04.18.
 - Leiar og nestleiar deltek på fellesmøte 12.04.18.
9. Invitasjon til styresamling i Helse Midt-Norge 26. og 27. april 2018
 - Brukarutvalet tek saka til vitande.
10. Henvendelse frå kreftavdelinga vedrørende telefontid i ekspedisjon
 - Brukarutvalet ser at dette vert eit dårlegare tilbod for pasientar. Brukarutvalet oppmodar avdelinga om å finne eit tidspunkt som råkar pasientane minst mogeleg. Brukarutvalet ber om at ordninga vert evaluert ved gjennomføring av ein brukarundersøking
11. Invitasjon til dei overordna samhandlingsutvala i regionen til ei samling 10.04.18
 - Leiar deltek med nestleiar som vara.
12. Deltaking ilag med leiar i styremøte:
 - Styremøte nr 3: Inger Nossen Sandvik
 - Styremøte nr 4: Anne Grete Mogstad
13. Henvendelse frå Steinar Waksvik, vedrørende «Folkeskikk» prosjektet.
 - Brukarutvalet inviterer Steinar Waksvik til å informere brukarutvalet om regionalt brukarutval sitt arbeid med prosjektet. Tidspunkt avtalast nærmare.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek sakane til orientering.

BU 15/2018 Munnleg orientering frå møter i råd og utval HMRVedtak:

Representantane i Brukarutvalet refererte frå møter/prosjekt som dei har delteke sidan sist møte.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek saka til orientering.

BU 16/2018 ReferatsakerInnstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek protokollane til vitande.

Vedtak:

Brukarutvalet ser positivt på at regionalt brukarutvalet har tatt opp spørsmål om ernæring i sjukehuset og ein støttar opp dette arbeidet.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek protokollane til vitande-

BU 17/2018 Godkjenning av Mandat prosjektstyre for gjennomføringsfasen SNRInnstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2018/17 – Godkjenning av Mandat prosjektstyre for gjennomføringsfasen SNR

Styret skal behandle saka i styremøte 16.03.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande og føreset at brukarmedverknad vert ivaretatt i SNR.

BU 18/2018 Eventuelt

- Hilde Marie Kleiven orienterte om erfaringskonsulent pårørande i Ålesund kommune. Brukarutvalet meiner at dette er viktig også for spesialisthelsetenesten i samhandlingsperspektiv og ynskjer difor å invitere erfaringskonsulenten til eit møte i Brukarutvalet. Tidspunkt avtalast nærmare.
- Brukarutvalet ynskjer å invitere prehospitale tenester til eit brukarutvalsmøte. Tidspunkt avtalast nærmare.

BU 19/2018 Godkjenning av protokoll nr. 02/18 frå møte 16.03.2018.Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 02/18 frå møte 16.03.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 02/18 frå møte 16.03.2018.

Møtet slutt kl. 14:35

Ingrid Løset	Ann Helene Skare	Inger Nossen Sandvik
Atle Tangen	Anne Grete Mogstad	Anton Iversen
Asbjørn Ringdal Gausdal	Daniel Ask	Hilde Marie Kleiven